

Evalueringsrapport AORG 101 – Haust 2013

BESKRIVELSE AV STUDENTMASSEN

Semester	N	Av eksamens-meldte	Andel kvinner	Andel menn	Snitt-alder	Studie-erfaring	Tilhører adm.org
Vår 2009	49	64,5%	n/a	n/a	n/a	n/a	n/a
Vår 2012	55	47,4%	80%	20%	23	1-3 år (49%)	60%
Haust 2013	39	39,8%	64%	36%	21	1-3 år (56%)	51%

UTBYTTE OG GENERELL VURDERING

Snittvurderinger der 1 er lavest og 5 er høyest

Semester	Fornøyd generelt	Utbrytte forelesning	Utbrytte pensum	Utbrytte oblig. Oppg.	Utbrytte seminar	Praktisk informasjon
Vår 2009	5 *	5,4*	4,4*	n/a	4,3*	n/a
Vår 2012	3,4	2,5	3,8	3,9	3,9	3,9
Haust 2013	3,84	3,79	4,02	4,1	4,44	4,23

*Høgaste vurdering i dei skjema som vart brukte dette semesteret, er 6.

Kommentarar

Som ein ser av tabellen over kan ein sjå positiv utvikling på alle variablane studentane vart spurta om i samanlikning med førre semester det vart gjennomført evaluering. Spesielt kan ein merke seg den positive utviklinga på utbytte av førelesningane.

Dei skriftlege kommentarane peikar og i same retning. Studentane skriv at dei er nøgd med læringsutbytte i kurset, og ser på emnet som relevant for vidare studie og arbeidsliv. Det kjem inn nokre kommentar på mykje innhald på powerpoint plansjane nytta på førelesningane. Elles så vart og gjesteførelesningane nemnt av fleire som eit positivt tiltak på emnet.

EIGA DELTAKING

Median – oftest valde alternativ, med prosentdel som valde det alternativet

Semester	Deltaking førelesning (av 13)	Deltaking seminar (av 10)	Andel pensum lest (av 950)
Vår 2009	12	7	n/a
Vår 2012	7-10 (38%)	9-10 (46%)	250-500 sider (44%)
Haust 2013	11-13 (49%)	8-10 (70%)	250-500 sider (49%)

Kommentar

Når ein ser på studentane si tilbakemelding på eiga deltaking ser ein og ein positiv framgang. Sjølv om ein nok kunne ønskja at fleire studentar hadde lest eit større del av pensum når ein har komme til siste førelesning.

Studentanes kommentarar til prioritering av kurset i forhold til andre kurs:

49 % av studentane seier dei prioritera dette emnet på lik linje med andre emne dei tar. Medan 33 % seier at dei prioritere dette emnet på bekostning av andre emne. Av dei som svarar sistnemnte skriv fleire som utfyllande kommentar at dei prioritera dette grunna at det her er både obligatorisk oppgåve, heimeeksamen og skuleeksamen. Dette slår og andre vegen, for ein ser at dei 18 % som skriv at dei nedprioritera dette emnet så grunngjev dei dette med stor arbeidsmengde i andre emne dei tar.

OPPSUMMERING

Ein ser av evalueringa at arbeidet med innhaldet og oppbygginga av emnet sidan evalueringa Våren 2012 har gitt ei positiv utvikling. Studentane gir emnet nå betre tilbakemeldingar på alle variablar, sett opp mot førre evaluering. Men ein ser samstundes at det er ting som kan vidar utviklast og bli enda betre.